# Møteprotokoll
# Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023

| | |
|---|---|
| Møtedato: | 23.02.2022 kl. 10:00 |
| MøtestAd: | Bjørgvin bispedømekontor |
| Arkivsak: | 19/04260 |
| Til stades: | Halvor Nordhaug, Oddny Irene Miljeteig, Vemund Atle Øiestad, Nora Sætre Baartvedt, Karl Johan Kirkebø, Turid Fjose, Kjersti Gautestad Norheim, Beate Nes, Daniel Kydland og John Eivind Warvik |
| Møtande varamedlemer: | Beate Nes for Astrid Fylling, John Eivind Warvik for Solhaug Anita Apelthun Sæle og Daniel Kydland for Per Hilleren |
| Forfall: | Solhaug Anita Apelthun Sæle, Per Hilleren og Astrid Fylling |
| Andre: | |
| Protokollførar: | Jan Ove Fjelltveit |

**SAKSLISTE** Side

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

| | | |
|---|---|---|
| 1/22 | Saksliste Bjørgvin bispedømeråd Revidert 23.02.2022 | 2 |

**Godkjenning av protokoll**

| | | |
|---|---|---|
| 2/22 | Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 07.12.2021 | 2 |

**Saker til behandling**

| | | |
|---|---|---|
| 3/22 | Bjørgvin bispedømeråd - Rekneskapsrapport 3. kvartal 2021 | 3 |
| 4/22 | OVF 2022 - søknader og vedtak | 3 |
| 5/22 | Bjørgvin bispedømeråd - plan for skifte av biskop 2023 | 3 |
| 6/22 | Kystpilegrimsleia - Frå prosjekt til realitet. Kyrkja si rolle | 3 |
| 7/22 | Heilag- og besøksmålet Selja – samarbeidsavtale | 4 |
| 8/22 | Magnus Lagabøtejubileum i 2024 - Landslova 750 år - Førespurnad om partnarskap og deltaking i jubileumskomite | 5 |
| 9/22 | BJØRGVIN BISPEDØMERÅD - Støtte til antimobbeprosjekt - Nordfjord prosti | 5 |
| 10/22 | Samarbeidsavtale SMM og Bjørgvin bispedøme 2022-2026 | 5 |

**Orienteringssaker**

| | | |
|---|---|---|
| 11/22 | Stiftelsen Kirkens Bymisjon i Bergen - uttalelse fra opprettere ifm. vedtektsendringer | 6 |

**Tilsettingssaker**


| | | |
|---|---|---|
| 12/22 | Tilsetting - Prost i Nordfjord prosti - Handsaming i møte ikkje offentleg, jf Offl. § 25 første ledd | 6 |
| 13/22 | Tilsetting av sokneprest i Fana prosti, Fana sokn - Handsaming i møte ikkje offentleg, jf Offl. § 25 første ledd | 6 |
| 14/22 | Tilsetting av sokneprest i Sunnfjord prosti, sokna i Kinn - Handsaming i møte ikkje offentleg, jf Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1 | 7 |


Bergen, 07.03.2022

Jan Ove Fjelltveit
Sekretær

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

## 1/22 Saksliste Bjørgvin bispedømeråd Revidert 23.02.2022

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 1/22 |

### Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd godkjenner innkalling og saksliste med ekstra sak: Oppnemning av styremedlemmer til Bjørgvin Kirkelige Fond.
Sak om rekneskap 2021 og budsjett 2022 kjem på møte 15.3, men det vert gjeven ein munleg orientering i dette møtet. Sak 03/22 blir difor endra til å gjelde oppnemning Bjørgvin Kirkelige Fond.
Bispedømerådet godkjenner også møtet som fjernmøte, ved at Turid Fjose og Nora Baartvedt er med digitalt.

**Godkjenning av protokoll**

## 2/22 Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 07.12.2021

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 2/22 |

### Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd godkjenner protokollen frå BBDR 7.12.2021

**Saker til behandling**

## 3/22 Bjørgvin bispedømeråd – Oppnemning av styremedlemmer i Bjørgvin Kirkelige Fond

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 3/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd oppnemner Eva Drageset og Jan Ove Fjelltveit for to nye år i styret til Bjørgvin Kirkelige Fond.

## 4/22 OVF 2022 - søknader og vedtak

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 4/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd tar saksorienteringa til orientering med dei merknadar som kom fram under handsaminga i rådet.

## 5/22 Bjørgvin bispedømeråd - plan for skifte av biskop 2023

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 5/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd vedtek dei forslaga som er fremja i dette dokumentet, med dei merknadane og dei namna som kom fram i møte.

## 6/22 Kystpilegrimsleia - Frå prosjekt til realitet. Kyrkja si rolle

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 6/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

I tråd med Bjørgvin bispedøme si satsing på kunst og kultur i perioden 2021-2024, kyrkja sin hovudstrategi for åra 2022-2028, og vårt ansvar for ein av dei fire hovudpillarane i den nasjonale pilegrimssatsinga, vil Bjørgvin bispedømeråd:

1. Styrke soknet sin kompetanse og rolle som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar, med særleg vekt på pilegrim.

2. Tilrettelegge og utruste enkeltmenneske og miljø lokalt, til sjølve å innta og bruke si lokale pilegrimslei og slik naturleg kunne bidra med kyrkjeleg innhald og vere eit godt vertskap for besøkande pilegrimar

3. Be om at pilegrim vert synleggjort og lagt inn som særskilt ansvarsområde, ved utlysing av prestestillingar i Røldal og Selje.
Ordninga med 20% pilegrimskoordinator i Røldal og Selje vert forlenga ut 2022.

4. Vere representert formelt i styringsgruppene for dei regionale pilegrimssentra Bergen og Selje, og vurdere deltaking i stiftinga for Røldal kultur- og pilegrimsgard. Representasjon kan delegerast vidare til leiar av Bjørgvin pilegrimsutval.

5. Sikre at tiltak på pilegrimsområdet som krev bruk av økonomi eller personalressursar skal vere forankra i bispedømets årlege planar. Sikre god koordinering og prioritering på korleis bispedømerådet ved valde medlemmer vert nytta i representasjon, og likeins biskop og prostar. Årlig plan for dette vert drøfta med både biskop og stiftsdirektør.

## 7/22 Heilag- og besøksmålet Selja – samarbeidsavtale

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 7/22 |

Samrøystes vedtak

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd ser verdien av at Bjørgvin bispedøme er medlem av samarbeidsorgan som skal sikre samarbeid og gode råmar for arbeidet mellom aktørane knytt til Selje klosteranlegg og klosterøya Selja.

Oppfølging av oppdraget med å ivareta og levandegjere Selja som heilagstad og kulturmiljø må skje i eit samarbeid mellom kyrkja og ulike kristne kyrkjesamfunn både sentralt, regionalt og lokalt.

## 8/22 Magnus Lagabøtejubileum i 2024 - Landslova 750 år - Førespurnad om partnarskap og deltaking i jubileumskomite

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 8/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd ser positivt på at biskopen deltek i jubileumskomitéen for Magnus Lagabøtejubileet i 2024 for å synleggjere kyrkja som naturleg verdiaktør.

Bispedømerådet ber om eiga sak som beskriv kva dei ulike aktørane i bispedømet kan bidra med i åra fram mot 2024 for å aktualisera dei historiske jubilea Moster 2024 og Magnus Lagabøte-jubileet.

## 9/22 BJØRGVIN BISPEDØMERÅD - Støtte til antimobbeprosjekt - Nordfjord prosti

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 9/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd er opptatt av å auke merksemda rundt arbeid med likestilling, inkludering og mangfald i kyrkja. Bispedømerådet ønsker å gje støtteerklæring til det positive tiltaket rundt anti-mobbing i Nordfjord prosti.

## 10/22 Samarbeidsavtale SMM og Bjørgvin bispedøme 2022-2026

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 10/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd inngår ny avtale med SMM for 2022-2026 som nemnd i innstillinga.

**Orienteringssaker**

## 11/22 Stiftelsen Kirkens Bymisjon i Bergen - uttalelse fra opprettere ifm. vedtektsendringer

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 11/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Orienteringa vert teken til vitande

**Tilsettingssaker**

## 12/22 Tilsetting - Prost i Nordfjord prosti

*Handsaming i møte ikkje offentleg, jf Offl. § 25 første ledd*

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 12/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd tilset etter gjeldande avtalar og regelverk prost, *stillingskode 0933*, i Nordfjord prosti

1. Mari Saltkjel
2. Vidar Bjotveit

## 13/22 Tilsetting av sokneprest i Fana prosti, Fana sokn

*Handsaming i møte ikkje offentleg, jf Offl. § 25 første ledd*

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 13/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedøme tilset etter gjeldande avtalar og regelverk,  sokneprest, *stillingskode 1555*, i Fana prosti med Fana sokn som tenestestad

1. Aage Mjeldheim

## 14/22 Tilsetting av sokneprest i Sunnfjord prosti, sokna i Kinn

*Handsaming i møte ikkje offentleg, jf Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1*

| Behandlet av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 | 23.02.2022 | 14/22 |

**Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak**

Bjørgvin bispedømeråd tek til etterretning at søkjaren har trekt søknaden.
Rådet ber administrasjonen om å lyse ut stillinga på ny.